

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 22/2006

Møtedato: 19.5.06

Arkiv nr: F 119

Reguleringsplan for Nøsen – offentlig ettersyn

Fjellstyret gav i brev datert den 10.5.06 uttale til reguleringsplan for Nøsen Fjellstue. Etter fjellstyret sitt syn opna planen for ei storstilt utbygging som ikkje på nokon måte var tilpassa det verdifulle stølslandskapet på Nøsen. Fylkeskommunen hadde liknande merknader til omfanget av planen.

På bakgrunn av denne uttalen kalla Nøsen fjellstue den 19.mai inn til eit orienteringsmøte der m.a. følgjande endringar i reguleringsplan vart lagt fram:

- Utnyttingsgraden i sentrumsområdet (A) er redusert frå 25% til 10 % BYA (bebygd areal). Samla areal etter utbygging vil vera ca 4.140 m², mot 3.250 m² i dag. Det ikkje ynskje eller behov for det ekstra arealet tidlegare plan opna for. Revidert plan presiserar det som på sikt det er planlagt å byggje.
- I dei fem hyttefelt (B-F) er utnyttinga redusert til 10% BYA. Maksimalt BYA for hyttefelt blir 3.330 m² (10 % av 33,3 daa). Dette er fordelt på 25 hytter, der tre er doble einingar. Vidare er mønehøgde redusert til 5,5 m for enkle bueiningar og 6,0 m for doble bueiningar. Garasje/uthus er inkludert i arealet.

Revidert reguleringsplan opnar framleis for mange og dominerande hytter. Så mykje som 25 store hytter rundt Nøsen vil gi inntrykk av ein hyttelandsby. Reguleringsreglane vil ikkje vera til hinder for å bygge hus over 200 m². Utbyggerane opplyste på møtet at storleiken på hytteeinengane skulle vera ca 100 m². Dette bør/må komme fram i reguleringsreglane.

For utvikling av Nøsen Fjellstue er det viktig med rekkefølgekrav for å sikre utbygging av fjellstua. I reguleringsreglane §8 er det fastsett at det ikkje vil bli sett i gang utbygging av felt D-F før Nøsen Fjellstue er "tilfredstillande oppgradert". Det må presiserast kva som meinast med "tilfredstillande oppgradert".

I behandling av reguleringsplanen er det viktig å ta omsyn til at utbyggingsområdet ligg i eit ope stølslandskap. Det er utfordrande å gjennomføre ei utbygging utan at dette gir for negative utslag på landskapsopplevinga. Utbygger og kommuneplanen viser også til at dette er eit heilt spesielt stølslandskap med særleine verdiar som det er viktig å ta vare på både for reiseliv og landbruk. Den framlagte plan ivaretek etter fjellstyret sitt syn ikkje dette nok.

Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på at det i revidert reguleringsplan delvis er teke omsyn til fjellstyret sine merknader. Omfanget av utbygginga er framleis svært omfattande og tar ikkje nok hensyn til det omkringliggende stølslandskapet. Fjellstyret viser elles til uttale datert 10.5.06.

Vedtaket er gjort mot ei stemme.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.5.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog